

 <b>UNGDOMSRÅDET I ØRSTA</b>	
BARNE OG UNGDOMSUTVALG	
Arkivkode	431.6
Dato:	19/8-09 Ørsta 17.08.09
Saknr:	2007/02425-049

## **Uttale vedr. utredning om ungdom sitt fritidsmiljø og deltaking og innverknad lokalt**

### **frå Ungdomsrådet i Ørsta**

Ungdomsrådet i Ørsta har handsama rapport 2009 "Ungdoms fritidsmiljø, ungdom, demokratisk deltakelse og innflytelse" på møte 9.juni 2009 og har fyljande merknader:

### **Fritidsklubbar/Ungdomshus**

- 1) Ungdomsrådet i Ørsta er [redacted] med ekspertgruppa med omsyn til at fritidsklubbar/ungdomshus ikkje bør vere lovpålagde. Ungdomsrådet i Ørsta meiner det er særst viktig å sikre drift av fritidsklubbar/ungdomshus ved at dette blir ein lovpålagd oppgåve, på lik linje med kulturskule o.a. Ein ser at ikkje lovpålagde tilbod til born og ungdom ofte er noko av det fyrste som blir nedprioritert/føreslådd nedlagt hos kommunar med dårleg økonomi (I 2003 var det 746 kommunale fritidsklubbar – i 2007 var dette talet redusert med 104 klubbar til 642 – eller 26 klubbar som blei nedlagt per år). Kommunane har fått fleire og fleire lovpålagde oppgåver, og vil alltid prioritere desse framfor ikkje lovpålagde oppgåver når økonomien er trong. Om denne utviklinga held fram er vi redd for at vi har svært få fritidsklubbar/ungdomshus tilbake om 10 år, og vi meiner at dette vil vere ein uheldig utvikling.  
Fritidsklubbar og Ungdomshus er særleg viktige arenaer for born og ungdom som ikkje er organisert/driv med idrett, går på kulturskule eller har føresette med god nok økonomi til å betale for kostbare fritidstilbod.  
Den gruppa med ungdom som blir mest råka av nedlegging av fritidsklubbar/ungdomshus er samtidig den mest sårbare.



Ein meiner [redacted] at argumentet ekspertgruppa nyttar seg av; at om fritidsklubbar/ungdomshus blir lovpålagde, blir det vanskeleg å leggje ned dårleg fungerande klubbar/ungdomshus, er særleg relevant.

Om det er dei tilsette som gjer ein for dårleg jobb, kan ein bøte på det ved vidareutdanning, omplassering eller andre tiltak. Om det er problem med brukargrupper slik ekspertgruppa omtaler, kan ein setje inn tiltak ved hjelp av politi, barnevern osv. Ein kan også bytte lokale og gjere om på konseptet slik at ein får inn andre brukargrupper.

Om t.d. ein skule eller eit psykiatrisk dagtilbod fungerer dårleg, blir tilbodet jo ikkje nedlagd, men ein prøver å finne fram til tiltak som kan gjere det betre.

- 2) Ungdomsrådet i Ørsta er **samd** med ekspertutvalet i at det er viktig at kvaliteten på fritidsklubbar/ungdomshus blir sikra gjennom betre utdanning/kompetanse hos dei tilsette, og at dei tilsette får moglegheit for å delta på tverrfaglege møte o.a. i kommunen gjennom at dei får ein høgre stillingsprosent.
- 3) Ungdomsrådet i Ørsta er og **samd** med ekspertutvalet i at ein risikerer å misse viktig fagkunnskap om ein legg ned ungdomstiltak, og at det kan medføre at heile det faglege feltet forsvinn. Det er og eit viktig argument som Ungdomsrådet meiner styrker at det skal vere lovpålagd å ha slike tiltak.
- 4) Ungdomsrådet i Ørsta meiner at om ein ikkje vil lovpåleggje fritidsklubbar/ungdomshus, bør kommunane få øymerka midlar til ungdomstiltak som er retta mot uorganisert ungdom for å sikre at denne ungdomsgruppa får eit tilbod i kvar kommune.



## Ungdomsråd

- 1) Ungdomsrådet i Ørsta er **samd** med ekspertutvalet om fôrutsetnadene for at lokale ungdomsråd skal fungere godt (kapittel 11 s.105) og vil særleg leggje vekt på at fyljande er viktig: klare retningslinjer/mandat, kontakt og oppbakking frå administrasjon og politikarar i kommunen, eigne ressursar til disposisjon og ein vaksenkontakt (sekretær/koordinator) som er tilsett i minimum 25 % stilling. I mange kommunar er det tilsett ein vaksenkontakt i 10-15 % stilling, og det er for lite om ein ynskjer å ha eit Ungdomsråd med reell medverknad. Vaksenkontakten må ofte gjere langt meir enn å innkalle til møte og skrive protokoll, om Ungdomsrådet skal bli høyrtd. Det er viktig å førebu saker grundig, "oversetje" byråkratisk språk og trekkje essensen ut av store mengder informasjon. "Unge" og nystarta ungdomsråd treng vaksne som kan hjelpe til med å skaffe relevant informasjon og har kunnskap om korleis ein bør formulere ein sak slik at den kan bli handsama av t.d. kommunestyre, media osv. Det ser og ut til å vere ein relativt stor utskifting blant dei som er tilsett i ein 10-15 % stilling, noko som gjer det vanskeleg å halde kontinuitet i dei ungdomsråda som blir råka. Kompetanse og kunnskap forsvinn med vaksenkontakten, og ungdomsråda står ofte igjen på bar mark.
- 2) Ungdomsrådet i Ørsta vil og peike på at det er særleg viktig at skulane sin leiing tek ungdomsrådet sitt arbeid på alvor. I Ørsta og Volda kommune er det diverre slik at nokre av skulane ikkje syner interessere for å samarbeide med Ungdomsrådet, og difor ikkje syter for val av representantar (i fylgje vedtektene skal representantane veljast av skulane), ikkje vil vidareformidle informasjon frå Ungdomsrådet i skuletida, ikkje heng opp plakatar frå Ungdomsrådet osv. Det er difor viktig at skulane får tydelegare melding om at Ungdomsrådet sitt arbeid er noko som skulane skal ta på alvor. Ved at det blir utvikla nasjonale retningslinjer for val, og at skulane/elevrådet blir ansvarlege for å velje representantar, trur Ungdomsrådet i Ørsta at det kan bli enklare å få skulane til å samarbeide. Det er og sentralt at det blir satt av tid i skuletida til informasjon om arbeidet i Ungdomsrådet, og gjett moglegheit for innspel og innlegg frå ungdommen til ungdomsrådet sine representantar i skuletida.



- 3) Ungdomsrådet er og **samd** med ekspertutvalet i at det er best å ha reine ungdomsråd – og at ei passende grense vil vere frå 8.klasse til og med 3.vidaregåande utan aldersgrense. Ein person på 20 år kan vere den beste representanten for Ungdomsrådet på ein skule, og det bør vere opp til elevrådet å vurdere kven som er best eigna. 3.klasse på vidaregåande vil difor vere ein passende grense. I dei kommunane som ikkje har vidaregåande skule, vil ungdommen gjerne gå på skule i ein eller fleire av nabokommunane. Ein kan då be elevrådet på disse skulene om å velje representantar ut i frå kven som har tilhøyring til heimkommunen.
- 4) Ungdomsrådet i Ørsta har eksistert sidan 2002 og har erfaring med å ha ein vaksen politkarrepresentant i rådet. Grunnleggjande meiner Ungdomsrådet at dette kan fungere godt, dersom politkarrepresentanten er engasjert og stiller opp til møte. I Ørsta har politkarrepresentanten stemmerett og er valt for 4 år av gongen. Politkarrepresentanten har gjett ungdomsrådet viktig informasjon om politiske saker som har vore handsama og fungert som bindelekk mellom ungdomsrådet og det politiske systemet. Nokre politkarrepresentantar har vore mindre engasjert, og har difor hatt liten verdi. Slik systemet fungerer har Ungdomsrådet ikkje nokon innverknad på kven som blir valt som politkarrepresentant, men ein trur at ordninga vil fungere best om Ungdomsrådet kan få medverknad ved val av politkarrepresentant.

Tore Ørstavik

Aurora Høegh-Omdal

leiar for Ungdomsrådet i Ørsta

Koordinator for Ungdomsrådet i Ørsta